

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til Anne Liv Lidtveit på tlf. 99386630 eller e-post post@konesjonskraft.no

Valle, 01.12.2014

Innkalling til møte i KIKS - Representantskapet *12.12.2014 kl. 14:00 i Sølv garden, Rysstad*

Program for dagen

1300 – 1400 Lunsjbuffé for dei som måtte ønskje

1400 – 1530 Orienteringar

- Danske Bank v/Arild Berge – litt om Danske Bank og kva for tenester banken gjev Konesjonskraft IKS
- Formuesforvaltning v/Trine Bratsberg Larsen – litt om Formuesforvaltning og kva for tenester selskapet gjev Konesjonskraft IKS
- Markedskraft v/ Torbjørn Haugen – Kraftmarknaden i Norden, status og utviklingstrekk fram mot 2020
- Styreleiar Bjørgulv Sverdrup Lund rapporterer om oppfølging av strategiplan, risikostyring og risikostrategi krafthandel
- Spørsmål til innlegg frå Markedskraft og styreleiar rapport

1530 – 1550 Pause

1550 – 1620 LVK v/sekretariatet – om arbeidet i LVK; Kommunar og fylkeskommunar sine felles utfordringar når det gjeld kraftspørsmål og eit blick på KIKS sett utanfrå.

1620 – 1650 Samarbeidande kraftfylke v/dagleg leiar Toini Løvseth – om arbeidet i organisasjonen; Kommunar og fylkeskommunar sine felles utfordringar når det gjeld kraftspørsmål og eit blick på KIKS sett utanfrå.

1650 – 1700 Oppsummering v/representantskapsleiar Reidar Saga og styreleiar Bjørgulv Sverdrup Lund

1700 – 1720 Pause med rundstykke

1720 – 1830 Representantskapsmøte

1930 – Føredrykkje og middag

Reidar Saga
Leiar representantskapet

Arne Tronsen
Dagleg leiar

Saksnr	Innhold
	Orienteringssaker
DLO 1/14	Orientering om status uttak av konsesjonskraft per 1. januar 2015
PS 9/14	Budsjettrevisjon november 2014
PS 10/14	Økonomiplan 2014-2017 Budsjett 2014

Orienteringssaker

Orienteringssaker

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
58/14	KIKS - Styret	21.11.2014
9/14	KIKS - Representantskapet	12.12.2014

Budsjettrevisjon november 2014

Dagleg leiar tilrår:

Ramme tap områdepris vert auka med 2 mill kr til 10 mill kr.
Driftsfond kr 1 277 702 vert inntektsført i driftsrekneskapen 2014.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 21.11.2014

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Ramme tap områdepris vert auka med 2 mill kr til 10 mill kr.
Driftsfond kr 1 277 702 vert inntektsført i driftsrekneskapen 2014.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Eg viser til vedlagte styresak handsama i styremøte 10/10 2014.

2. Saksopplysningar

Områdeprisen har utvikla seg enno meir negativt enn pårekna i i nemnde sak.
Arbeidet med nye kontrakter både når det gjeld Sira-kvina kraftselskap og Agder Energi Vannkraft har vore meir arbeidskrevjande enn pårekna. Behovet for ekstern hjelp har difor vore større enn det ein hadde rekna med. Dagleg leiar viser til saksframstilling vedrørande mellombels avtale med Agder Energi Vannkraft AS og orientering om arbeidet med ny avtale med Sira Kvina kraftselskap.

3. Vurdering

Dagleg leiar finn det naudsynt å legge fram sak om endring i budsjettet når det gjeld områdepris.
Det er varsla i budsjettet at meirkostnader når det gjeld hydrologisk og juridisk bistand kan dekkast av driftsfond.

Eg finn det tenleg no å inntektsføre heile driftsfondet og eventuelt avsetje overskytande på reservekapitalkonti til deltakarane frå Aust-Agder. Dette vil i tilfelle gjort som årsoppgjersdisposisjonar og vil ivaretake at det er inntekter frå Aust-Agder som ligg i driftsfondet.

Valle, den 13.11.2014

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg

- 1 Rekneark
- 2 Sak frå styremøte 10.10.2014

Konsesjonskraft IKS

Tilråding

Budsjett		Revisjon november 2014	2015	2016	2017	2018
Driftsinntekt	Sal av kraft Aust-Agder	198 228	182 966	177 000	159 000	151 000
	Sal av kraft Vest-Agder		79 503	76 000	74 000	75 000
	Meirverdi brukstid	1000	2 700	2 700	2 700	2 700
	Områdepris	(10 000)	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
	Trading	(1 000)	750	750	750	750
	Sum driftsinntekter	188 228	255 919	246 450	226 450	219 450
Driftsutgifter	Lønnskostnader inkl arbgavg og pensjon(10	2 450	3 345	3 550	3 550	3 550
	Styret/representantskapet-godtgjering	300	350	350	350	350
	Rekneskap og revisjon	480	400	400	400	400
	Juridisk bistand	1 000	200	200	200	200
	Hydrologisk bistand	400	200	200	100	100
	Forvaltarhonorar	750	850	850	750	750
	Gebyr spot	240	360	360	360	360
	Gebyr ordinær sikring	290	440	440	440	440
	Gebyr xtra ordinær sikring	100	300	300	300	300
	Strategiplan	250	250	250	250	250
	Kompetanseheving		100	100	100	100
	Husleige/tenestekjøp	230	270	270	270	270
	Leige maskiner	50	50	50	50	50
	Reiseutgifter	400	350	350	350	350
	Andre kontorutgifter	300	200	200	200	200
	Controller	240	240	0	0	0
	Møte	250	500	500	400	400
	Gebyrer/kontingenter	190	200	200	200	200
	Forsikringer	40	50	50	50	50
	Til rådvelde for styret	115	115	115	115	115
	Sum driftsutgifter	8 075	8 770	8 735	8 435	8 435
	Kjøp av kraft Aust-Agder	64 800	70 833	76 118	77 700	80 815
	Kjøp av kraft Vest-Agder		37 760	39 129	40 497	41 866
	Sum varekostnad	64 800	108 593	115 247	118 197	122 681
	Til utbetaling Aust-Agder 3årig snitt	112 524	96 096	85 500	84 800	69 875
	Utbetalast deltakarane Vest-Agder		31 550	29 983	29 520	28 372
	Sum driftsutgifter og utbetaling deltakere	185 399	245 009	239 465	240 952	229 363
Netto driftsinntekt	2 829	10 910	6 985	-14 502	-9 913	
Finansinntekt	Renteinntekter likviditet	1 350	1 300	1 300	1 300	1 300
	Inntekter plassering av reservekapital	2 750	1 800	1 800	1 800	1 800
	Sum finansinntekter	4 100	3 100	3 100	3 100	3 100
Finansutgifte	Garantikostnader	100	500	500	500	500
	Disagio	500	750	750	750	750
	Sum finansutgifter	600	1 250	1 250	1 250	1 250
	Netto finansutgift	-3 500	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850
	Inntektsføring driftsfond	1 278				
	Domslutning Saurdal	850				
	Overskott før avsetting til reservekapital	8 457	12 760	8 835	-12 652	-8 063
	Avsett reservekapital Vest-Agder		-1 956	-1 679	-1 554	-1 493
	Reserve sjølvkost Mandalsvassdraget		-1 000	-1 912	0	0
Avsett finansinntekt	2 450	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850	
Avsett reservekapital AA	7 000	-5 373	-1 835	16 948	12 000	
Avsetting Sira-kvina avvik		-1 934	-1 835	-2 200	-2 000	
Dekning tap trading	-1 000					
Overskott	7	647	-276	-1 308	-1 406	

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
47/14	KIKS - Styret	10.10.2014

Tertialrapport pr 1/9 2014 og budsjettrevisjon 2014

Dagleg leiar tilrår:

Tertialrekneskapen vert lagt fram for handsaming.

Budsjett 2014 vert endra slik:

Samla utgiftsauke på 1.550.000 vert dekt slik:

Ekstrainntekter 850.000

Fordring deltakarane frå Vest-Agder kr 700.000 mot avrekning i rekneskapen 2015.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det vert utarbeidd tertialrekneskap som ein lekk i informasjonsutvekslinga mot styret og som ein lekk i den løpande kontrollen av verksemda.

2. Saksopplysningar

Tertialrapporten er under revisjon og vert ettersendt.

Dagleg leiar har gått gjennom rekneskapen legger fram revidert budsjett tufta på tertialrapporten.

Arbeidet med utvidinga av selskapet har ført til meirarbeid og kostnadsbiletet ligg no føre i vedlagte reviderte detaljbudsjett.

Dei betalbare kostnadene på kr 700000 skal ifølgje tilbodet frå KAA IKS til deltakarane frå Vest-Agder periodiserast i rekneskapen for inneverande år og fråreknast dei inntektene konsesjonskrafta frå Vest-Agder deltakarane genererer i 2015.

I samband med tilsetjing av vikar for rådgjevar krafthandel vart det signalisert behov for ei fast stilling på permanent basis dersom utvidinga av selskapet vart røyndom. Difor har no dagleg leiar tilsett vikar rådgjevar krafthandel fast ifrå årsskiftet.

3. Vurdering

Inntektene har vorte noko redusert grunna meirkostnader med områdepris og eit negativt tradingresultat. Eit aukande prisnivå gjennom året har gjort at verdien av det usikra volumet har auka noko, samstundes har kjøpskostnadene vorte redusera. Denne reduksjonen vart teke med i budsjettrevisjonen pr halvårsskiftet.

I høve opphavelig budsjett er dette kompensert med reduserte kjøpskostnader.

Meirkostnadene grunna selskapsutvidinga vert dekt gjennom meirinntekter knytt til rettssak Saurdal pumpekraftverk i Ulla-Førre.

Valle, den 02.10.2014

Arne Tronsen
dagleg leiar

- 1 Tertianrapport pr 1/9 2014
- 2 Budsjettrevisjon 2014

- 1 Tertianrapport pr 1/9 2014

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
59/14	KIKS - Styret	21.11.2014
10/14	KIKS - Representantskapet	12.12.2014

Økonomiplan 2014-2017Budsjett 2014

Dagleg leiar tilrår:

Økonomiplan 2015-2018 og budsjett 2015 vert vedteke i samsvar med vedlegg dagsett 4/11 2014. Målsettinga med den årlege avsetting til reservekapital er å nå ei samla avsetting som utgjer 50 % av inntekta til den einskilde deltakaren i eit vanleg år.

Avsettinga for Vest-Agder er på tilnærma 5% av nettoinntekta for 2015.

Samla inntektsprognose for 2015 på kr 127 855 000 fordelt med kr 96 096 000 på aust-Agder og kr 31 759 000 på Vest-Agder vert vedteke.

Ramme for driftsutgifter på kr 8.770.000 vert vedteke.

Ramme trading vert fastsett til kr 20.000.000; eventuelt tap vert å dekke gjennom inntektsføring av reservekapital.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 21.11.2014

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Økonomiplan 2015-2018 og budsjett 2015 vert vedteke i samsvar med vedlegg dagsett 4/11 2014.

Målsettinga med den årlege avsetting til reservekapital er å nå ei samla avsetting som utgjer 50 % av inntekta til den einskilde deltakaren i eit vanleg år.

Avsettinga for Vest-Agder er på tilnærma 5% av nettoinntekta for 2015.

Samla inntektsprognose for 2015 på kr 127 855 000 fordelt med kr 96 096 000 på aust-Agder og kr 31 759 000 på Vest-Agder vert vedteke.

Ramme for driftsutgifter på kr 8.770.000 vert vedteke.

Ramme trading vert fastsett til kr 20.000.000; eventuelt tap vert å dekke gjennom inntektsføring av reservekapital.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

KIKS er framleis inne i ein oppbyggingsperiode, men fleire deltakar og eit større konsesjonskraftkvantum.

Vi har monalege utfordringar knytt til nye/reviderte kontrakter og sjølvkostprisutrekningar i fleire vassdrag. Førebuing og gjennomføre av prissikring av det nye konsesjonskraftkvantumet har og vore prioritert.

Når det gjeld prissikring av det nye volumet frå Vest-Agder er vi no i rute når det gjeld 2015-prisprognosene har ikkje gjeve klare signal om meir- eller mindre sikring i høve risikostrategien. Vi har difor lagt til grunn at behovet for pårekelege inntekter for 2015 skal vege mykje.

2. Saksopplysningar

Dagleg leiar viser til desse vedlegga)

- 1) Framlegg til økonomiplan 2015-2018 og budsjett 2015.
- 2) Utdrag av rapport krafthandel og oversyn inntektsfordeling

Budsjett og økonomiplan byggjer på gjeldande strategiplan vedteke i desember 2013. Denne er planlagt revidert i 2015.

Målsettinga i strategiplanen er at Konsesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane.

Utdrag av rapport status strategiplan pr august 2014:

«Økonomi/finans

I 2011,2012 og 2013 har vi utbetalt utbytte til deltakarane på mellom 21 og 23 øre/kWh inklusive avsetningar til reservekapital/bufferkapital.

Dersom vi samanliknar oss med kraftselskap og andre konsesjonskraftaktørar i marknaden, kjem vi relativt godt ut.

Det viktigaste er likevel at vi maktar å oppfylle våre inntektsprognoser til deltakarane og at vi har bygd opp ein solid reservekapital.

Dagleg leiar meiner å kunne ettervise at vi og tek vare på marginane på ein god måte. Dette gjer at ein monaleg del av våre driftskostnader vert dekt inn gjennom dette arbeidet.

Eit framhaldande arbeid med risikostrategien er avgjerande for det økonomiske resultatet og soleis pårekelege inntekter for deltakarane.

Vi tek godt vare på verdiane.

Kompetanse og kapasitet

I dag har administrasjonen god kompetanse innafor finans, økonomi, jus og offentlig forvaltning.

Grunna utvidinga av samarbeidet har arbeidsomfanget auka på mykje på kort sikt. På lengre sikt vil og arbeidsmengda auke noko; dagleg leiar vil difor utvide administrasjon med ei stilling allereie i år.

Det gjennomførast kontinuerleg kompetanseheving for styret, representantskapet og deltakarane både politisk og administrativt.

Dagleg leiar synest at dialogen administrasjonen har med politisk leing og deltakarane er krevjande og god og at det systematiske arbeidet med kompetansedeling bør utviklast vidare.»

Dagleg leiar har funne det naudsynt å gjennomføre rekruttering av ny medarbeidar pr 1/1 2015 før budsjetttramme for 2015 er endeleg vedteke.

3. Vurdering

Hovudarbeidsoppgåver:

Take vare på verdien:

Arbeidsmengda har auka monaleg hausten 2015- dette var vi godt budde på gjennom rekruttering av vikar for krafthandlar.

Nye kontrakter frå deltakarane i Vest-Agder med a konto sjølvkostprisar og konsesjonskraftkvanta måtte koplast til prissikring allereie i august månad og til rutinene for fysisk omsetning løpet av november. Gjennomføringa av prissikringa og harmonisering til gjeldande risikostrategi vil skje gradvis over ein 3-års periode og dei operative rutinene for fysisk omsetning skal vere på plass innan 1/12 2014.

Kontrollrutiner og rapporteringsrutiner må og vere på plass i år- desse vil måtte evaluerast og utviklast vidare i løpet av dei første månadene i 2015. Dette er eit prioritert arbeid som vil take betydelege ressursar både i år og komande år.

Vi arbeider og kontinuerleg med å take vare på marginane. Vi vil no vurdere alternative måtar å valutasikre krafthandelen vår på. Dersom vi kan oppnå ein valutakurs som er to øre betre pr €, vil det i løpet av eit kalenderår bety om lag kr 600.000 for selskapet.

Eg viser til det som er kommentert under varekostnad under. Det er viktig med gode kontroll og oppfølgingsrutiner når det gjeld varekost- både kjøpskostnader, volum og nettariffer. Dersom vi gjennom våre kontrollrutiner/oppfølging sjølvkostutrekning kan bidra til at gjennomsnittskostnaden pr kWh vert redusert med 0,1 øre/kWh betyr det kr 900.000 pr år.

Vi held på med utvikling av informasjonssystemet vårt. Vi planlegg kompetansedelingstiltak andsynes deltakarane både på administrativt og politisk nivå.

Dette betyr at vi har behov for meir kompetanse og kapasitet frametter; det er i samsvar med tidlegare signal ifrå dagleg leiar lagt inn ei stilling til frå nyttår.

Medarbeidaren er i dag tilsett som vikar og har god kompetanse på økonomi/finans og vil og få hovudansvaret for planlegging og gjennomføring av informasjonstiltak.

Vakte rettane:

Arbeidet med å kontrollere og følgje opp konsesjonskraftrettane og for Vest-Agder er både eit eingongsarbeid no, men og eit kontinuerleg arbeid som krev ressursar frametter. Mykje av dette arbeidet har vore gjort av dagleg leiar, men skal etter kvart følgjast opp av andre i selskapet.

Inntekter:

Inntekter kraftsal er sett opp i samsvar med rapport krafthandel for september 2014. Sikringsgraden krafttilgongen for åra 2016-2018 er så låg at budsjettet er tilsvarande lite pårekeleg. Vi har teke inn over oss fallande prisar og auka risiko for negativ områdepris. På grunn av stor krafttilgong på den nordiske kraftmarknade varierer timeprisane over døgeret og veka mindre enn tidlegare; dette reduserer meirverdien av brukstida på konsesjonskraft- denne er på 5000 timar og altså monaleg lågare enn fulltidskontrakter som er på 8760 timar.

Sjølv om året 2014 truleg fører til tap på trading, vil dagleg leiar tilrå at vi held fram med to porteføljer; både på rådgjevande trading og det innafor ei ramme på totalt 20 mill kr.

Utgifter:

Eg viser til innleiinga der det er gjort greie for dei nye utfordringane vi står framfor i samband med nye deltakarar. Det er og rett å streke under at vi heller ikkje pr i dag kan sjå alle dei utfordringane som kjem og at vi difor heller ikkje kan vurdere utgiftsbehovet nøyaktig nok.

Det er lagt opp at talet på stillingar aukar med ein ifrå nyttar.

Når året 2015 er omme, vil vi ha kapasitet til å take controllerfunksjonen sjølv. Det er likevel fleire sider ved denne saka; dette vil difor bli lagt fram for styret og representantskapet seinast i samband med budsjett og økonomiplan for 2016-2019.

Driftsutgiftene er budsjettert i faste 2015 kroner.

Varekostnaden:

OED-prisen aukar med 0,4 øre/kWh pr år, sjølvkostprisen Sira-Kvina kraftselskap og i

Mandalsvassdraget er vurdert a konto , men pr i dag ikkje avtalt med Agder Energi Vannkraft AS.

Desse sjølvkostprisane er vurdert å auke med 0,7 øre/kWh pr år.

Det er usemje mellom Konesjonskraft IKS og Agder Energi Vannkraft AS om kor stort kvantum frå Mandalsvassdraget som skal leverast til sjølvkost.

Pr i dag er og konsesjonar i Otravassdraget og Tovdalsvassdraget som heimlar leveranse til sjølvkost, men som er avtalt levert til OED-pris.

Nettkostnadene fastleddet sentralnettet reknar vi med aukar med 50% neste år jfr gjeldande økonomiplan; for resten av økonomiplanperioden er det rekna med dei same tariffane.

Dersom tariffauken i 2015 ikkje vert røyndom, aukar nettoinntekta med 5,4 mill kr.

Varekostnadene har tidlegare vorte vurdert på nytt i budsjettrevisjonen ved halvårsskiftet.

Valle, den 04.11.2014

Arne Tronsen

dagleg leiar

Vedlegg

1 Rekneark

Konsesjonskraft IKS

Tilråding

Budsjett	Regnskap 2013	Revisjon november 2014	2015	2016	2017	2018
Driftsinntekt						
Sal av kraft Aust-Agder	206 280	198 228	182 966	177 000	159 000	151 000
Sal av kraft Vest-Agder			79 503	76 000	74 000	75 000
Meirverdi brukstid	2 764	1 000	2 700	2 700	2 700	2 700
Områdepris	-2 917	(10 000)	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Trading		(1 000)	750	750	750	750
Sum driftsinntekter	206 127	188 228	255 919	246 450	226 450	219 450
Driftsutgifter						
Lønnskostnader inkl arbgav og pensjon(10	1 822	2 450	3 345	3 550	3 550	3 550
Styret/representantskapet-godtgjøring	136	300	350	350	350	350
Regnskap og revisjon	334	480	400	400	400	400
Juridisk bistand	541	1 000	200	200	200	200
Hydrologisk bistand	50	400	200	200	100	100
Forvaltarhonorar	728	750	850	850	750	750
Gebyr spot	190	240	360	360	360	360
Gebyr ordinær sikring	130	290	440	440	440	440
Gebyr xtra ordinær sikring	0	100	300	300	300	300
Strategiplan	0	250	250	250	250	250
Kompetanseheving	0		100	100	100	100
Husleige/tenestekjøp	121	230	270	270	270	270
Leige maskiner	40	50	50	50	50	50
Reiseutgifter	131	400	350	350	350	350
Andre kontorutgifter	752	300	200	200	200	200
Controller	216	240	240	0	0	0
Møte	210	250	500	500	400	400
Gebyrer/kontingenter	250	190	200	200	200	200
Forsikringar	35	40	50	50	50	50
Til rådvelde for styret		115	115	115	115	115
Sum driftsutgifter	5 686	8 075	8 770	8 735	8 435	8 435
Kjøp av kraft Aust-Agder	62 517	64 800	70 833	76 118	77 700	80 815
Kjøp av kraft Vest-Agder			37 760	39 129	40 497	41 866
Sum varekostnad	62 517	64 800	108 593	115 247	118 197	122 681
Til utbetaling Aust-Agder 3årig snitt	132 945	112 524	96 096	85 500	84 800	69 875
Utbetalast deltakarane Vest-Agder			31 550	29 983	29 520	28 372
Sum driftsutgifter og utbetaling deltakere	201 148	185 399	245 009	239 465	240 952	229 363
Netto driftsinntekt	4 979	2 829	10 910	6 985	-14 502	-9 913
Finansinntekt						
Renteinntekter likviditet	1 600	1 350	1 300	1 300	1 300	1 300
Inntekter plassering av reservekapital	3 814	2 750	1 800	1 800	1 800	1 800
Sum finansinntekter	5 414	4 100	3 100	3 100	3 100	3 100
Finansutgifter						
Garantikostnader	45	100	500	500	500	500
Disagio	193	500	750	750	750	750
Sum finansutgifter	238	600	1 250	1 250	1 250	1 250
Netto finansutgift	-5 176	-3 500	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850
Inntektsføring driftsfond		1 278				
Domslutning Saurdal		850				
Overskott før avsetning til reservekapital	10 155	8 457	12 760	8 835	-12 652	-8 063
Avsett reservekapital Vest-Agder			-1 956	-1 679	-1 554	-1 493
Reserve sjølvkost Mandalsvassdraget			-1 000	-1 912	0	0
Avsett finansinntekt		2 450	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850
Avsett reservekapital AA	10 125	7 000	-5 373	-1 835	16 948	12 000
Avsetting Sira-kvina avvik			-1 934	-1 835	-2 200	-2 000
Dekning tap trading		-1 000				
Overskott	30	7	647	-276	-1 308	-1 406

Valle 4/11 2014
Arne Tronsen
dagleg leiar